

2,6

Referat frå foreldremøte i 2.klasse 20.april 2015.

Val av nye klassekontaktar

Britt Iren Låstad Myking og Janne-Marie Rath vart valt som nye klassekontaktar.
Britt Iren vart valt som FAU-representant.

Plan for samarbeid heim-skule

Kontaktlærar orienterte om planen for samarbeid mellom heim-skule.

Førebyggjande mobbearbeid ved Hordabø skule

Kontaktlærar orienterte om kva førebyggjande mobbearbeid som vert gjort ved Hordabø skule, og nemnte blant anna inspeksjon, zerosamling, klassemøte, elevsamtalesamtale, utviklingssamtale og foreldremøte.

Elevundersøkinga

Kontaktlærar gjekk i gjennom elevundersøkinga gjennomført for storskulen hausten 2015, som viste at samanlikna med 2014 svarar mange fleire positivt på: trivsel, støtte frå lærarane, vurdering for læring, læringskultur, motivasjon, elevdemokrati og medverking samt felles reglar. Samanlikna med året før er svarprosenten det same når det gjeldt støtte heimanfrå og faglege utfordringar. Det var nokre fleire som svarar negativt på mobbing. Denne undersøkinga vart gjort i haust. Då hadde me nokre sakar som me kartla, og som til slutt viste seg å *ikkje* vera mobbing. Det kan ha hatt innverknad på svara som blei gitt. Men me er ikkje nøgde, og me jobbar mot lågare tal.

Lesestimulering

Kontaktlærar viste kva læreplan for kunnskapsløftet seier om lesing, og kva måla er at eleven skal kunne etter 2.trinn.

Kontaktlærar orienterte om korleis klassen har arbeidd med lesestimulering. Me har særleg hatt fokus på leselyst, leseforståing og lesestrategiar. Nokre av tiltaka knytt til leselyst er tilpassa leselekser (leseuniverset), påmelding på lesekappen og høgtlesing. Nokre av tiltaka knytt til leseforståing og lesestrategiar er tilpassa oppgåver på nett, fokus på førlesing og oppsummering av det me skal/har lest.

Kontaktlærar minna foreldra på at all lesing er bra lesing! Teikneseriar, aviser, oppskrifter osv. Det er fint om foreldre viser nyttigheita av å kunne lese i kvardagen.

Lærar minna også foreldra på at det er svært viktig at elevane les på leseleksa si. Den skal ein lese til ein får god flyt i teksten, minst 2-3 gongar. Ein av desse gongane bør bli lest høgt for ein voksen.

Status i klassen; sosialt og fagleg

Fokuset på lesestimulering har gitt resultat. Alle elevane i 2.klasse har blitt betre lesarar (både når det gjeldt avkoding og når det gjeldt forståing for det ein les). Elevane har også blitt mykje betre lyttarar, og hugsar betre det me har lest om. Jobben foreldre gjer heime er kjempeviktig!

Lærar fortalte om kva 2.klasse er gode på. Dei er gode på å:

- å rose kvarandre
- å vere høfleg mot dei vaksne
- å jobbe stille og godt. Det er eit godt læringsmiljø i klassen.
- å engasjere seg i undervisninga.

Lærar fortalte også om kva 2.klasse må jobbe meir med:

- tonen i kvardagsspråket: dette gjeldt også kroppsspråket.
 - o Her er samarbeidet med heimen viktig.
- ro i samlinga: Å hugse å ta opp handa når ein vil seie noko.
 - o Dette skuldast som regel ivrige elevar (hurra!), men elevane er nøydt å lære seg å rekkje opp handa og vente på tur. Dette jobbar me mykje med.

Referat skrive av kontaktlærar Katrine Marøy.